

Gnr. 137 Alver i Lindås kommune, bnr. 7 og 9. Regulering til bustadføremål.


Oppsummering

16. januar 2017



Utsnitt av kommunedelplanen

Frå notat N3 datert 28. februar 2011 :




Samanstilling :

Her er kommunedelplanen lagt i botnen, samanstilt med omsøkte bustadprosjekt og industriområdet på Galtaråsen, med eit digitalt kart for området ved søre krysset på Alverflaten som felles referanse.

Grå stipla strek (10 m brei) illustrerer ein mogeleg samleveg mellom etablert veg til næringsareal og Alver hotell i nord, og etablert rundkjøring med arm til Galtaråsen i sør. Grøn stipla strek (20 m brei) illustrerer eit mogeleg isolasjonsbelte mellom bustader på høgdedraget nordaust for riksvegen, og næringsareal og/eller areal til offentlege føremål nordaust for dette.

Samlevegen kan utnyttast tosidig, med tomte djupner på om lag 100 m.



Bustadprosjektet, med samleveg og isolasjonsbelte. Tilkomst via etablert tilkomstveg til eksisterande bustader (den gamle riksvegen).

I møte med administrasjonen i Lindås kommune 7. februar 2011, vart det nemnt at vegvesenet vurderer å flytta krysset til Alver hotell m. fl. sørover til den gamle riksvegkorridoren, sett i samanheng med dei framtidige byggeområda nordvest for Galtaråsen. Kommunen vil vurdere om næringsareala bør trekkjast heilt fram til riksvegen (nedspregning av terrenget).

Vurdering :

Direkte eksponering mot riksvegen kan vera av interesse for næringsdrivande. Det er imidlertid ikkje lagt opp til slik eksponering i kommunedelplanen for områda nordaust for hovedvegen. Etablerte bustader vil vanskeleggjera nedspregning av areal ut mot riksvegen.

Bustadfortetting på høgdedraget langs riksvegen vil bidra til å bevare dette landskapselementet. Bustadane vert liggjande høgare enn vegen og kan for ein stor del trekkjast attende slik ein unngår direkte støyeksponering. Etablerte tilknytningspunkt med riksvegen har planfrie fotgjengarkryssingar. Søre krysset på Alverflaten er planlagt utbygd med venstresvingsfelt. Ovafor dette krysset er terrenget bratt stigande, opp til eit bustadhus.

Konklusjon :

Vegvesenet bør, med dette notatet som vedlegg, tilskrivast for å innhenta ei vurdering av prosjektet sett i saman heng med noverande og framtidig vegsystem i området. Kopi av brev med vedlegg vert å senda kommunen - som innspel til neste rullering av kommunedelplanen.

Brev til Statens vegvesen 28. februar 2011, med kopi til kommunen :

Ein viser til vedlagte notat med informasjon om planar og problemstillingar.

Med tilvising til notatet vil ein be vegstyresmaktene gjera ei vurdering av det planlagte bustadprosjektet, sett i samanheng med noverande og framtidig vegsystem i området.

Ein vil samstundes be Lindås kommune registrera brevet med vedlagt notat som eit innspel til arbeidet med revisjon av kommunedelplanen.

Frå brev frå Statens vegvesen 14. 03. 2011 :

Det aktuelle planområdet grensar til fylkesveg 565 som er ein del av hovudvegnettet i Nordhordland ved at denne fylkesvegen saman med fylkesveg 57 dannar ein ringveg gjennom store deler av Nordhordland.

Den aktuelle vegstrekninga Alverflaten mellom Isdalstø og Alversund har høg trafikk og det er manglar når det gjeld standarden på kryssa til vegen og det er heller ikkje eit fullgodt tilbod til mjuke trafikantar. Dette gjeld m.a. krysset til Ikenberget og Alver hotell.

Det vart for nokre år sidan gjennomført ei opprusting av krysset til Ikenberget og Alver hotell i samband med at det vert bygd ein undergang under fylkesveg 565.

I samband med dette arbeidet vart det og drøfta korleis ein kunne finne ei meir framtidretta løysing av kryssa på den aktuelle vegstrekninga. M.a. var det framme til drøfting ei løysing med kryss til fylkesvegen der krysset med den gamle vegen til Alver hotell var tidlegare.

Det har ikkje vorte arbeidd aktivt med denne problemstillinga på fleire år, men alternativet er vel framleis aktuelt då kryssituasjonen på Alverflaten ikkje er løyst.

Statens vegvesen meiner at så lenge det ikkje er funnen noko permanent løysing for framtidig kryss til m.a. Ikenberget og Alver hotell vil det ikkje vere aktuelt å tillate ei bustadutbygging som vist i det tilsende planmaterialet, då deler av dette utbyggingsområdet kan kome i sterk konflikt med ei framtidig kryssløysing.

Brev til Lindås kommune 5. februar 2016 :

Ein viser til brev herifrå datert 28. februar 2011 til Statens vegvesen, med kopi til Lindås kommune der ein ber kommunen registrera brevet med vedlagt notat som eit innspel til arbeidet med revisjon av kommunedelplanen.

Etter det ein forstår vil arbeidet med revisjon av kommunedelplanen enno draga noko ut i tid.

Byggmester Skare AS ønskjer difor å starta arbeid med detaljplanlegging av det aktuelle området.

Vedlagt følgjer ei ny planskisse med snittplan og snitt.


Det er her skissert ei utbygging med 4 einebustader og ei gruppe med 16 rekkjehus, til saman 20 bustader. Langs tilkomstvegen er det frå før om lag 4 bustader. Til saman vert det då omkring 24 bustader tilknytta vegen som er tenkt utforma med eitt felt og møteplassar, utan fortau.

Det er opning for at vegen kan førast austover over bnr. 7 inn på bnr. 23, men ein reknar dette som lite aktuelt då bnr. 23 vil få vegforsyning frå ny vegkorridor mellom Galtaråsen og Alverflaten næringsområde.

Ein går ut frå at det

- ikkje vert aktuelt med nye kryss på fylkesvegen mellom rundkjøringa ved Galtaråsen og Alverkrysset (til Alver næringsområde og Alver hotel), og at det ikkje lenger er aktuelt å flytta Alverkrysset
- ligg eit rekkjefølgjekrav (til annan plan) om at sidevegen i Alverkrysset skal senkast.

Ein vil be kommunen sjå på dette, og kalla inn til oppstartsmøte.



TEKNOFORKLARING

Bygninger og anlegg

- B (gult) Byfagor
- B (lysgult) Fritidsstude småhus
- B (gul) Bustader
- L (grønt) Lekkeplass
- L (orange) Herreflass
- L (orange) Post og buss

Samferdsel og teknisk infrastruktur

- V (grå) Kjørveg
- V (beige) Gatefuri
- V (beige) Kjører gangveg
- P (grå) Parkeringsplassar

Grøntstruktur

- V (grønt) Vegetasjonsskjerm

Omsynssoner

- (diagonal linjer) Fritiktsone langs veg

Grenser

- (solid linje) Plangrense
- (dotted linje) Formålgrense
- (dashed linje) Byggelgrense
- (dash-dot linje) Planlagt formgrense
- (dotted linje) Fritiktsone
- (dotted linje) Støyskjerm


Bygging

- (diagonal linjer) Eksisterende bygg som skal rivast
- (diagonal linjer) Eksisterende bygg som frigsatt i planen
- (solid linje) Planlagte bygg

NORD

0 10 50 meter

LINDÅS KOMMUNE		Mål
Detalplan for Ailverflaten		Sjå målestav
Gnr. 137 bnr. 9 m. fl.		A3 = 1 : 1000
SAKSHANDSAMING		Date • stgn.
1. gangs handsaming i planutvalet		
Offentleg ettersyn		
2. gangs handsaming i planutvalet		
Kommunestyret		
REVISJONAR		
Byggm. Skare	Date	Stil revidert
Sv. Ing. Vidar Mjøs	03.02.2016	
Fruktveggen 7B, 5018 Birkedal	Prosjekt nr. S20	Tegnning nr. 01



Alverflaten
Gnr. 137 bnr. 9 m. fl.

Alternativ 1

Snittplan og snitt
03.02.2016

Brev til Lindås kommune 28.oktober 2016 :

Ein viser til brev herifrå

- datert 28. februar 2011, til Statens vegvesen, med kopi til Lindås kommune der ein ber kommunen registrera brevet med vedlagt notat som eit innspel til arbeidet med revisjon av kommunedelplanen.
- datert 5. februar 2016, til kommunen, om detaljplanlegging og oppstartsmøte, med vedlagte skisser :

I samband med revisjon av kommunedelplanen har Statens vegvesen no utført eit mulighetsstudium for ny bru over Alverstraumen:

Vegvesenet har vurdert 2 alternativ ; ei ny bru jamsides eksisterande (raud strek), og ei ny bru lenger sør (blå strek).



Alternativ Sør berører bustadprosjektet på bnr. 7 og 9. Det kan vera dette vegvesenet har hatt i tankane når ein i brevet av 14. 03. 2011 skriv om «ei meir framtidsretta løysing av kryssa på den aktuelle vegstrekninga».

Mulighetstudien er kommentert i vedlagt notat.

Ein vil be kommunen sjå nærare på dette, og kalla inn til eit møte for å drøfta saka.

Frå notat vedlagt brevet :

Vegvesenets mulighetsstudie datert 31. 01. 2016, oversend til Lindås kommune 29. mars 2016:

Dette mulighetsstudiet er del av Statens vegvesens (SVV) prosjekt for ny kryssing over Alverstraumen. Hensikten med mulighetsstudiet er å finne alternative løsninger for kryssing av Alverstraumen. Bru, undersjøisk tunnel og rørbru er blitt vurdert.

De anbefalte løsningene herfra skal inngå i Lindås kommunes arbeid med kommunedelplan Knarvik - Alverstraumen.

Det er opplyst at noverande bru er i dårleg teknisk stand og må skiftast ut i løpet av 40-50 år.

Det er formulert eit sett med vurderingskriterium, med hovedvekt på brua sin lokale funksjon.

Studien konkluderer slik :

10.2 Anbefalt løsning

Trasé midt skiller seg ut med betydelig lavere kostnader, høy måloppnåelse for lokal funksjon og stedsutvikling, korte bruspenner og begrenset behov for bygging av tilførselsveier.

Samtidig er det betydelige landskaps- og kulturminneinteresser knyttet til trasé midt. Hovedutfordringene er knyttet til den trange situasjonen og de vesentlige kulturminneverdiene i området, men det er vurdert at akseptable løsninger kan gjennomføres.

10.3 Videre arbeid

Mulighetsstudien vil inngå som en del av grunnlaget for Lindås kommunes arbeid med ny kommunedelplan for Knarvik – Alverstraumen. Det vil i denne planfasen bli gjennomført konsekvensutredning for de aktuelle traséene, dette for å tydeliggjøre virkningene av tiltakene. I dette arbeidet vil kommunen anbefale ny trasé for kryssing av Alverstraumen.

I den kreative fasen har ein også vurdert ein korridor Nord, over Tveitøya, med utgangspunkt i noverande veg over Tveiten.

Alternativ Nord er tidleg forkasta, med tilvising til det prioriterte kriteriet om lokal funksjon.

Trase Sør tek av frå noverande veg på Alverflaten ved å svinga austover frå noverande veg med inntil 5 m fylling, til nytt T-kryss kryss oppe på åsryggen 12 – 15 meter over noverande vegnivå, med sideveg nedatt til noverande veg lenger nord. Det er illustrert ei eventuell regional tilknytting i rundkjøring på Hilland til innslag for ny veg i tunnel under Hilland nordetter Radøy.


Det er gjort grundig greie for kulturminnesituasjonen i området og illustrert at det serleg på Tveiten er mange konfliktpunkt. Men det er ikkje tillagt vekt at også noverande bru kan ha kulturminneverdi, og at behovet for ny bru primært skuldast manglande styrke i eksisterande brukonstruksjon for den notidige regionale tungtransporten. Dersom det vert etablert ei ny og sterkare kjørebri med regional funksjon vil den noverande brua kunna fungera i alle fall som lokal gangbri i 40-50 år frametter.

Det er uklårt kvifor regionale omsyn er nedprioritert til fordel for lokale, samtidig som det er rekna med at noverande bru med ei attverande levetid på 40-50 år skal rivast og eventuelt (ved alternativ Sør, ønskje frå Lindås kommune) erstattast av ei ny lokal gangbru.

Det framstår som ein mangel ved studiet at analyseområdet i den kreative fasen har vore for smalt og at ein med denne synsvinkelen ikkje har fanga inn regionale liner som kan avlasta eksisterande vegar gjennom tettbebyggelsen på begge sider av brua.

Studiefundamentet burde vore løfta, frå kommunedelplannivå, til kommuneplan- eller regionplannivå.

Mulighetsstudien burde vore utvida til også å omfatta ei line gjennom dalen mellom Alver og Erstad til bru over Tveitøya (korridor Nord, sjå neste side).



Epost 13. januar 2017 :

Frå dagens Strilen :

1. Fylkesutvalet sluttar seg til tilrådinga i moglegheitstudien av fylkesveg 565 Alverstraumen frå Statens vegvesen, om val av trasé i korridor midt som løysing for ny bru (det er i nærleiken av dagens bru, redaksjonens merknad), og ber om at det vert sett i gang planarbeid for ny Alversund bru.
2. Fylkesutvalet støttar at ein går i gang med avgrensa og kortsiktig vedlikehald av Alversund bru i 2017/2018, noko som vil gi ei forlenga levetid av brua på omlag 10 år.
3. Fylkesutvalet vil koma attende til eventuell prioritering og finansiering av ny Alversund bru i samband med handsaming av handlingsprogrammet til Regional transportplan 2018-2029.

– Realistisk

– Dette var eit samrøystes vedtak i Misa. Saka skal vidare til sjølv sagt vidare, men fagutvalet er i alle fall ikkje i tvil: Alversund bru må byggjast ny, og me har endeleg fått ein framdriftsplan som er realistisk og som eg har tru på, seier Astrid Aarhus Byrknes (KrF), som i tillegg til å vera Lindås-ordførar også er medlem av fylkestinget og utval for miljø for og samferdsel.

I same utval har også to andre lokale ordførarar plass, Jon Askeland (Sp) frå Radøy og Per Lerøy (Ap) frå Austrheim.

Vedtaket er i tråd med tilrådinga frå fylkesrådmannen, som vil sjå planen for ei ny bru i samanheng med dei investeringane fylket skal gjera fylkesvegnettet.

Opna i 1958

Alversundbrua vart opna for trafikk søndag 29. juni 1958, og vil altså passera den normale pensjonsalderen før ei ny bru kan stå klar. Undervegs har brua blitt innsnevra frå to til eitt kjørefelt, fått eit avgrensa fortau, og fått lysregulering.

Brua er ikkje dimensjonert for dagens trafikk, og til fylkespolitikarane opplyser Statens Vegvesen at brukonstruksjonen er i dårleg teknisk stand.

Dette kan tolkast som om Misa (Fylkesutvalet for miljø og samferdsel) ser heilt vekk frå Alternativ Sør. Det bør då kunna konkluderast med at det ikkje vil koma noko nytt vegkryss som berører planane på 137/7 og 9. Kommunen kan då arrangera eit oppstartsmøte for regulering av bustadfeltet.

Så spør det om bustad- og industriplanane vil medføra krav om ei mindre utbetring av eksisterande kryss til Alver. Dersom det nye industriområdet vert orientert mot Galtaråsen og rundkjøringa der, kan det lettare argumenterast med at eksisterande Alverkryss er godt nok for det planlagde bustadprosjektet.

Så får tida visa korleis eksisterande bru vert forsterka og utbetra og om det deretter vert planlagd og bygd ei ny bru attmed den gamle. Eg vil tru at ein lyt sjå på Alternativ Nord ein gong til, men at dette no vert utsett ei tid og truleg sett i samanheng med planane for ny E39 (der fylket i følgje anna oppslag i Strilen i dag går mot lina gjennom Isdal).